



# Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune

SEPTEMBER 2024

16.–23. september



Sjå meir her

## FORELDRE- FESTIVALEN VALLE 2024

Saman om ein god oppvekst

Måndag 16.9.

### Inkludering og mobbing

Ingrid Lund v/UiA

Tysdag 17.9.

### Barn og grenser

Hans Holter Solhjell v/Foreldrekompetanse

Onsdag 18.9.

### Korleis byggje laget rundt barnet?

### Små handlingar – store skilnadar

Siri Abrahamsen v/Gleding

Måndag 23.9.

### Innbyggjarworkshop: inkludering og friviljugheit

v/Valle kommune og Marco Elsafadi

Kl. 18 kvar dag på Hylestad soknehus



Valle kommune  
Gjøstfri for nye tankar



## KOMMUNEN INFORMERER

### Kommunalt utdanningsstipend – søknadsfrist

**1. oktober.**

Søknadsskjema er no tilgjengeleg på heimesida under skjema. Personar som tek utdanning på heiltid og er folkeregistrert i Valle kommune, kan få tildelt kommunalt utdanningsstipend. Kvar søker kan få stipend inntil 8 gonger utan aldersavgrensing. Lærlingar kan få stipend for sitt første læreår. For meir informasjon og søknadsskjema gå inn på [www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no)

Søknadsfristen er 1. oktober og den er endeleg.

Søknader etter denne dato vil få avslag, men det er høve til å søkje på nytt i februar og få halvt stipend.

Ved spørsmål kan de ta kontakt med Gunn Marith Homme på e-post:

[gunn.marith.homme@valle.kommune.no](mailto:gunn.marith.homme@valle.kommune.no) eller telefon 91837000.

### Snøskuterløyve

Alle snøskuterløyver gjekk ut 01.05.2024, og det er tid for å søkje om nytt. Vi skal over på digitale skjema, og dei jobbar vi med å gjere klar. Frå 1. september vil alle relevante skjema for motorferdsel vere digitale og klare til bruk. Alle som søker vil få løyve innan 1. januar, men vi vil handsame søknadane som kjem inn fortløpende så mange vil få løyvet sitt før.

Vi kjem til å legge ut ei nyheit 1. september med nærmere informasjon og lenker til alle søknadane som blir publisert på heimesida, facebook og CIVIS. Har du ikkje CIVIS så bør du laste det ned.

### Nokon som har ledig leilighet eller hybel?

Har du ledig hybel, leilegheit eller bustad til leige i Valle kommune vil bustadkontoret gjerne få beskjed. Bustadkontoret får stadig spørsmål både frå arbeidstakrar og studentar om husvære til leige og vi ynskjer å hjelpe ved å gje god og korrekt informasjon. Har du ledig noko som du ynskjer å leige ut så ta kontakt med Gunn Marith Homme på mail: [gunn.marith.homme@valle.kommune.no](mailto:gunn.marith.homme@valle.kommune.no) eller telefon 91837000.

## KULTUR OG FRITID INFORMERER

### Stenging av gamle Valle kultursenter

I samband med ombygging av Valle kultursenter er symjebasseng, Storstoga, ungdomsklubb og kjøkken stengde for bruk. Etter kvart vil også foajeen med kiosk bli stengt, og ny inngang til idrettshallen vil bli etablert. Bygdekinoen er flytta til Hylestad soknehus, og finn stad kvar måndag i partalsveker.

Det er svært viktig at alle arrangørar

- tek omsyn til kvarandre og gjer sitt beste for å unngå kollisjonar
- sjekkar aktivitetskalenderen på Valle kommune si heimeside **før** ein fastset dato på arrangement og aktivitetar, **og** melder inn sine arrangement/aktivitetar til kalenderen og Bygdenytt
- sjekkar at lokalet er ledig i vårt bookingsystem BookUp **før** ein fastset dato, då det i alle fall ut 2025 kjem til å vere meir aktivitet i soknehuset og Sæbyggjen

### Til alle lag og organisasjoner

Vi har teke i bruk ein eigen modul for registrering av lag og organisasjoner i kommunen.

For å registrere laget eller organisasjonen din i Valle kommune, må du gjere det via kommunen si heimeside.

Gå til **Tenester - Kultur og fritid - Lag og organisasjoner.**

Registreringa tar berre 2 minutt, og du vil finne tydelege instruksjonar som leiar deg gjennom prosessen.

All informasjonen du treng for å få organisasjonen din offisielt registrert er tilgjengeleg der.

Ved å registrere laget eller organisasjonen din, blir de ein del av kommunen sitt nettverk. Dette gjev deg betre synleggjering av laget eller organisasjonen dykkar, og kan føre til at fleire får kjennskap til det og vel å bli med.

## **Det skal være godt å bo og leve i Agder**

### **Formål**

Fylkeseldreombudet skal på fritt og selvstendig grunnlag jobbe på alle samfunnsområder for å fremme eldre sin interesse og følge med på utviklingen i deres situasjon.

### **Målgruppe:**

Eldre over 65 år i Agder.

### **Arbeidsområder**


Arbeide for å øke bevisstheten om de eldres vilkår og rettigheter i Agder på alle samfunnsområder. Arbeide for å beskytte eldre mot diskriminering, overgrep og urettferdighet gjennom informasjon, veiledning og politisk påvirkning. Fylkeseldreombud kan kun gi råd i klagesaker fra eldre mennesker og deres pårørende angående manglende oppfyllelse av rettigheter eller dårlig behandling.

### **Kontaktinformasjon**

Hanne M. Nøding, Fylkesombud

Tlf.nr: 905 86 412

E-post: hanne.merethe.noding@agderfk.no



## **TV-AKSJONEN 20.OKTOBER**

I år er det 50 år sidan NRK TV-aksjonen starta. Kvar einaste haust sidan 1974 har born og vaksne over heile landet gått med bøsse og samla inn pengar til viktige formål.

Årets TV-aksjon er 20. oktober, og i år går pengane til barnekreftforeninga. Du kan registrere deg på tvaksjonen.no frå 16. september, eller kontakte Anette Brottveit på e-post: [anette.brottveit@valle.kommune.no](mailto:anette.brottveit@valle.kommune.no) eller på telefon: 37937500. Bøsseberinga skjer mellom kl. 12.00 og 14.00.



## **Språkkafeen startar opp att torsdag 5. september kl. 18.00.**

Me ynskjer nye og gamle velkomne til prat over tekoppen kvar torsdag frå 18.00-19.30.

Ikke minst ynskjer me at det kan kome nokre fleire norske menn, då de har noko meir å by på.

Uansett, me vil gjerne ha fleire norske deltagarar, og minner om at dette er eit av vekas høgdepunkt for mange.

## **PLEIE OG OMSORG INFORMERER HØYRSEL**

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle Bygdeheim onsdag 18. September.

Dette er berre for dei som har høyreapparat.

Ring Liv Gunn Viki 900 79562 om du treng time

## **Program for Dagsenteret i september.**

Dagsenteret er kvar onsdag  
frå kl.1030-1400.

Skyss kan tingast på 94504448 onsdager kl.08-09.

Kaffi/kake kr.10,-

Middag m/suppe el. dessert kr.80,-

Onsdag 4.sept - Tur til Skafsaheii fjellkyrkje.

Onsdag 9.sept - Sosialt samvær

Tysdag 17.sept Tur til Garborgheimen og Jærmuseet med middag på Byrkjedal , om det er nok påmelde. Meir info kjem på dagsenteret.

Onsdag 25.sept - Sosialt samvær



# Krets mesterskap på Rulleski

Når: 21 september, klokka 13

Hvor: Rulleskianlegget i Brokke



*Kom for å delta eller vere  
publikum.*



**Frist for innsending til Bygdenytt  
for OKTOBER er 25. September.**

Om noko kjem inn etter fristen, tek vi det med  
dersom det er ledig plass.

**Send til [sentralbord@valle.kommune.no](mailto:sentralbord@valle.kommune.no)**

# PUMPTRACK

## KURS OG KONKURRANSE 7 SEPTEMBER, KLOKKA 12 BROKKE

Med over 80 stk på kurset og i konkurransen i fjar, så gjentek med suksessen i år og arrangerer igjen kurs i PUMPTRACKEN, og avsluttar med ein konkurranse.

Håkon Fredrik Leinebø som også var her i fjar og helt både kurs og var speaker på konkurransen, kjem også i år og me garanterer at alle vil få lære seg nye triks, og ikkje minst få opp farten endå meir i PUMPTRACKEN!

Håkon Fredrik Leinebø vart Norgesmester i 2022, og er dermed ein av dei raskaste til å sykle gjennom PUMPTRACKEN!

Det er sjølv sagt **gratis**, og me håpar mange vil kome på dette også!

**Me startar dagen kl 12.00 så lurt å kome litt før og skrive seg på lista.** Me har ingen påmelding i forkant, men skal du leige sykkel anbefaler me at du tingar det på Brokke Alpinsenter i god tid, her kan det bli rift om syklane!

I og med at me ikkje har nokon påmelding i forkant, ser me an litt kor mange som kjem, om me eventuelt delar opp i grupper.

Ta med sykkelen og meld dykk på!

I PUMPTRACKEN køyrar me klassar frå 0 år og oppover! Og det blir sjølv sagt premier til alle

**Me gler oss, gjer du?**



Arrangørar er [Brokke.com](http://Brokke.com) og Valle IL i godt samarbeid med Brokke Alpinsenter.





# Uppistog Gard

## Åpen Gård



På 21. september kl 12.00 – 15.30 inviterer vi alle til åpen gård.

Dere kan hilse på geitene,  
bli med på en vandring til hagen  
og mate kjeene.

*Adresse: Rygnestadvegen 23, 4747 Valle.*



## Sauesjå

– Valle i Setesdal – MARKNADEN



Hjarteleg velkomne til Sauesjåmarknaden 2024!  
Vi håpar at så mange som mogeleg vil ta turen til oss  
og vere med på å gjere dette til ein vellykka marknad!

## SAUESJÅMARKNADEN I VALLE

### LAURDAG-SUNDAG 28.-29.SEPTEMBER

VIL DU VERE UTSTILLAR, HA EIN AKTIVITET ELLER EIT SCENEINNSLAG?  
DET BLIR OGSÅ UNG SCENE!

Påmeldingsskjema for utstillarar finn du på Fb-sida vår : «Sauesjåmarknaden i Valle»

KONTAKT OSS PÅ TLF. 938 83 405 ELLER E-POST TIL [sauesjaavalle@gmail.com](mailto:sauesjaavalle@gmail.com)

SEINAST 20.SEPTEMBER!

Vi ønskjer både lokale og eksterne utstillarar hjarteleg velkomne til marknad & gama  
i Valle denne helga, med tradisjonell Sauedans på laurdagen!

**Mykje flott song og musikk som passar for oss over 60!**

**Onsdag 4.september kl.1200**

Ymse underhaldning og allsong

Sal av lapskaus, kaffi og kaker kr. 200,-

Vipps, terminal eller kontant betaling

Høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja

Påmelding innan 28. august til Olav Haugo tlf.

41191974,

Tahar Haddad tlf. 95106156 eller Gunstein

Seltveit tlf.90170465

Arr: Pensjonistlaga i

Byrte/Mo og Dalen

samt Fjellkyrkjelaget



**Velkommen!**

## **Møte med Viggo Wilhelmsen**

*fredag 27.sept. kl 1900*

*laurdag 28.sept. kl. 1900*

*sundag 29.sept. kl. 1100*



Alle hjartleg velkomne

## **Ope hus, garane grendehus**

24.sept, frå kl 18 og utover kvelden

Alle velkomne. Uformell møteplass, kom åleine eller tak med vener,

Eventuelt også spel, handarbeid, biletet, rebusar, eller anna.

Me har truleg noko å bite i, og kaffe kan du i alle fall få.

Andre datoar: 15.okt, 3.des, 27.des, 16.jan

## **KYRKJA I SEPTEMBER**

### **SOKNERÅDSMØTE**

kyrkjekontoret 3. sept. Kl.15.30

### **SAMLING FOR ALPHAGRUPPER**

Kyrkjestoga onsdag 4. sept. Kl. 19.00

### **SAMLING FOR KONFIRMANTFORELDRE**

Kyrkjekjedaren i Bykle torsdag 5 sept. kl. 18.00 – 19.30

### **GUDSTENESTE**

Hylestad kyrkje sundag 8. sept kl. 16.00

Konfirmantpresentasjon og hausttakkefest.

Spr. Toralv Frøysaa Lie og prostiprest

Kristian Mosvold. Kyrkjekaffe

### **ANDAKT BYGDEHEIMEN**

Ons. 4. sept. kl. 11.00

Ons. 18. sept. kl. 11.00

### **TÅRNAGENTDAG MED GUDSTENESTE**

For alle i 3 klasse

Valle kyrkje sundag 22. september.

Agentdagen startar kl. 11.00 og

tårnagentgudstenesta som er for alle er kl.

16.00. Vikarprest Tom Martin Berntsen og

Tårnagentane. Agent-kyrkje-kaffi

### **FØRST SEMINAR – ISRAELSMISJONEN**

Kyrkjestoga sundag 29. sept. Kl. 17.00.

Ellen Raen held seminaret med tema Israel -Et utvald og utskjeld folk. Seminaret er i to delar med matpause

### **FINN GRAV**

2,25 millionar gravlagde er no søkbare på [www.grav.no](http://www.grav.no).

Her kan publikum leite etter slektnigar på tvers av alle gravplassar, frå Nordkapp til Lindesnes og blant ni av dei største kommunane i landet.

Kyrkjekontoret i Valle,

**tlf. 37 93 75 24, mob. 977 84 706,**

**e-post: post@valle.kyrkja.no**

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

*Meir himmel på jorda*



*Setesdal Spelemannslag*

SYLVARTUN 12. OKTOBER 18.30

# “DULRAMT”

KAUKASUS OG SETESDAL I  
MUSIKKEN

HALLVARD T. BJØRGUM  
ELSHAN MANSUROV  
KIRSTEN BRÅTEN BERG

Billettpris 200/150. Servering av kake og kaffe.

Ein heil dag  
med moro!



# Folkemusikk

## REKRUTTERINGSDAG

19. oktober

HYLESTAD SOKNEHUS

Born og  
ungdom

Kurs i kveding,  
dans og spel

Teaterforestilling 16.00  
Bergekongen

# BASAR

TREUNGEN GRENDELAG

PÅ HELLE 2. NOVEMBER FRÅ

KL. 12 TIL 20 – TREKNING KL.18

SALG AV SUPPE,  
LEFSER,  
RUNDSTYKKE,  
KAKER, VAFLER,  
KAFFI OG BRUS



HOVUDGEVINSTAR:

DAN GASSGRILL,  
HØGTRYKKSPYLAR,  
MUNNHARPE FRÅ BBSR,  
«SYE» FRÅ HASLA,  
HALSRING FRÅ DALE  
BUNADSYLV

BÅLPÅNNE, SAUESKINN,  
VED OG MANGE ANDRE  
FINE GEWINSTER

EIGE BARNEBORD

ÅRESALG GJENOM HEILE DAGEN

KR 10 PR. ÅRE – LODD PÅ BOK, KR 20



**A****TILLAT FOR ALLE**

Film som blir tillatt for alle skal ha en neddempet lyd- og effektbruk. De skal ikke inneholde noen urovekkende eller dramatiske scener, men filmene kan ha noen skumle elementer hvis de er kortvarige og foregår innenfor en trygg ramme. Dette kan også gjelde scener med voldsomme effekter hvis de er kortvarige og foregår i en tydelig humoristisk ramme.

**6****6-ÅRSGRENSEN**

Filmer som får 6-årsgrensem kan inneholde enkelt-scener som er mørke eller truende, eller scener med dramatisk lyd og kraftig effektbruk. Korteforløpne elementer tillates innenfor rammen av «det gode gys», og milde voldsinnsLAG hvilket de er tydelige humoristiske og overdrivne. Temaer som i utgangspunktet kan være vanlige og vonde kan få en 6-årsgrensem, men bare hvis de har et dempet uttrykk og er tilpasset barn.

**9****9-ÅRSGRENSEN**

Filmer som inneholder kortvarige og lite nærgående voldsinnsLAG kan få en 9-årsgrensem. Dette gjelder også filmer som har lengre partier med mørk, intens eller utrygg stemning. Skremmende skikkelses og faretruende situasjoner kan finnes i denne aldersgrensen. Scener med ulykker, operasjoner eller dødsfall kan virke urovekkende på barn under 9 år. Det samme gjelder skildringer av ulykkesfamilierelasjoner, mobbing og mennesker og dyr som lider.

**12****12-ÅRSGRENSEN**

Filmer som får 12-årsgrensem kan inneholde opprivende tematikk knyttet til «voksensfæren». Eksempler kan være samlivskonflikter, seksuelle handlinger eller sterke følelsesutbrudd. Voldshandlinger eller kortere innslag med skrekkelementer i en urealistisk sammenheng, kan også få 12-årsgrensem. Dette gjelder særlig filmer som er basert på kjente historier, bøker og tegneserier, eller filmer der handlingen er lagt til et tydelig fantasiunivers eller i en komisk ramme. Også mer virkelighetsnære voldsinnsLAG eller skremmende elementer kan tillates hvis de er kortvarige og lite nærgående skildret. Filmer og programmer kan også få 12-årsgrensem hvis de har gjennomgående grov dialog og humor.

**15****15-ÅRSGRENSEN**

Filmer som får 15-årsgrensem kan inneholde realistiske, autentiske eller nærgående skildringer fra krig, katastrofer og terrorhandlinger. Filmer med nærgående seksuelle skildringer, eller som er gjennomgående seksualisert i uttrykket vil få 15-årsgrensem. Det samme gjelder filmer som inneholder store mengder actionvold eller nærgående, kyniske og detaljerte voldsinnsLAG. Andre eksempler på 15-årsinnehold er scener med grov omsorgssvikt, nærgående skildringer av overgrep og angstskapende stemning.

**18****18-ÅRSGRENSEN**

Filmer får i noen tilfeller 18-årsgrensem. Hovedsakelig er dette filmer med særlig voldsomt innhold. Det kan være store mengder grove, kyniske og detaljerte voldshandlinger ofte i kombinasjon med et angstskapende uttrykk. Filmer som inneholder omfattende, eksplisitte og nærgående seksuelle skildringer vil få en 18-årsgrensem. Dette gjelder også enkeltstående skildringer av mer særegne former for sex eller en kombinasjon av vold og sex. Filmer som Medietilsynet ikke har vurdert må vises med en 18-årsgrensem på kino.

- Som vaksen har du høve til å ta med barn som er yngre enn aldersgrensa på kinofilmen. Du må da minst vere fylt 18 år og ha tillating fra føresette til å ta med barnet på kino.
- Alle barn kan gå på film med 6-årsgrensem når dei er saman med føresette eller med ein vaksen som har fått tillating fra føersetten.
- For aldersgrensene 9, 12 og 15 kan du ta med barn som er inntil tre år yngre.
- Hugs at barn og unge er ulike! Når du vel å take med deg nokon på kino som er yngre enn aldersgrensa skal du ta omsyn til kor modent barnet er og tolegrense. Sjølv om du til dømes kan ta med ein 6-åring på ein film med 9-årsgrensem, er det ikkje sikkert filmen passer for nettopp dette barnet.
- 18-årsgrensa er absolutt. Det vil seie at alle må vere 18 år for å kunne sjå filmen.
- Kinoane skal informere publikum om aldersgrensene, og pliktar å gjennomføre alderskontroll. Kinoar som ikkje gjennomfører kontroll og passar på at aldersgrensene blir holdne, risikerer sanksjonar frå Medietilsynet.



# Bygdekinoen

**Kinoen er flytta til Hylestad soknehus**

**MÅNDAG 02. september**



## Skolen med de magiske dyrene 2

**KI. 1700 - 6 år.**

Elevene ved Østre Skole skal fremføre en musikal i forbindelse med skolens 250-årsjubileum. Ida tar entusiastisk på seg rollen som regissør og overtaler Jo til å spille hovedrollen. Dette er med på å bringe de to vennene enda tettere sammen, noe Idas rival Helene ikke liker, da hun også liker Jo. Dessverre er ikke Jos magiske dyr, pingvinen Juri, til mye hjelp da Helene klarer å lokke ham over til hennes side for å hjelpe henne med å ødelegge forholdet mellom Ida og Jo. Kommer musicalen til å ende i kaos, eller klarer klassen å samarbeide? Og hva er det med de merkelige hullene i skolegården? Ved hjelp av sine magiske dyr lærer barna hva som virkelig betyr noe; nemlig det å være sammen.



## Det ender med oss

**KI. 1900– 12 år.**

Lily Bloom starter et nytt liv i Boston, og ønsker å oppfylle en livslang drøm om å åpne sin egen blomsterbutikk. En dag møter hun, helt tilfeldig, den sjærmerende nevrokirurgen Ryle Kincaid. Forholdet deres slår umiddelbart gnister, men etter hvert som de to blir dypt forelsket, begynner Lily å se urovekkende sider ved Ryle som vekker minner fra barndommen. Når hennes første kjærlighet, Atlas Corriga, plutselig dukker opp i livet hennes igjen, blir forholdet hennes med Ryle satt på prøve. Lily innser at hun må finne styrken i seg selv for å ta et umulig valg for fremtiden.

**Kjøp gjerne kinobillett på [www.bygdekinoen.no](http://www.bygdekinoen.no) .  
Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!**  
Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popcorn og litt anna snacks og drikke. Velkommen skal du vere!

## Valle allidrettsklubb

Velkommen til første samling i haust ,fredag 6. september i Vallehalli fra kl19.00- kl 22.00.  
Klubben er for ungdomar fra 8. klasse og oppover. Ekstra velkommen til konfirmantane!

Det blir aktiviteter i hallen, andakt og pizza.

Friviljug medlemskontingent for 2024 kr 50,00



## Kva skjer?

[www.valle.kommune.no/](http://www.valle.kommune.no/)

[www.valle.kommune.no/alle.294594.nn.html](http://www.valle.kommune.no/alle.294594.nn.html)

02.09 KI. 1700	Bygdekinoen
03.09 KI.1530	Soknerådsmøte, kyrkjekontoret
04.09 KI.1030	Dagsenteret: Tur til Skafsåheii fjellkyrkje
04.09 KI. 12	Sanggruppa Fri flyt, Skafsåheii fjellkyrkje
04.09 KI. 11	Samling for Alphagrupper, kyrkjestoga
04.09 KI. 1700	Terrengløp, Hovet scooterparkeing
05.09 KI.1800	Samling for konfirmantforeldre, kyrkjekjedaren, Bykle
07.09 KI.1200	Pumptrack kurs og konkurranse, Brokke
08.09 KI.1600	Konfirmantpresentasjon og hausstakkefest, Hylestad kyrkje
16.09 KI.18	Foreldrefestival, Hylestad soknehus
17.09 KI.18	Foreldrefestival, Hylestad soknehus
18.09 KI.18	Foreldrefestival, Hylestad soknehus
21.09 KI. 12	Open gard, Rygnestadvegen 23
21.09 KI. 13	Kretsmeisterskap på rulleski , Brokke
22.09 KI 11	Tårnagentdagen med gusteneste for 3 klasse, Valle kyrkje
22.09 KI 16	Tårnagentgudsteneste, Valle kyrkje
23.09 KI 18	Foreldrefestival, Hylestad soknehus
24.09 KI.1800	Ope hus, garane grendehus
27.09 KI.19	Møte med Viggo Wilhelmsen, Nomeland bedehus
28.09 KI. 19	Møte med Viggo Wilhelmsen, Nomeland bedehus
29.09 KI.11	Møte med Viggo Wilhelmsen
29.09 KI. 10	Saujesjåmarknad, Valle sentrum